



Professor Dag Helland sitt sommar-rike er Beinavikjo og no er han på plass att. Laurdag kveld vil han presentera seg for eit større publikum under Bøkkervelden som vert avvikla for gong nummer 16 i Bøkkerverkstaden på Rød. Han vil kåsera om kultur og vi kan venta ei munter oppleving utifrå tidlegare erfaringar frå Bøkkervelden.

Sist han hadde innslag der var det robåtar han hadde på programmet. Det veit han også mykje om - som mangt anna.

Det var under det kåseriet biletet over vart teke.

Foto: Ola Matti Mathisen